

TUSSA ENERGI AS
Langemyra 6
6160 HOVDEBYGDA

Vår dato: 16.02.2023

Vår ref.: 201905079-17 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.:

Vurdering av konsesjonsplikt for auka slukeevne og utskifting av røyrgate i Bjørdal kraftverk i Ørsta kommune

Med heimel i vassressurslova § 18 og delegering til NVE frå Olje- og energidepartementet av 19. desember 2000, vedtek NVE at framlagde planar om opprusting og utviding av Bjørdal kraftverk ikkje har følgjer for allmenne interesser i ei slik grad at det utløyser konsesjonsplikt etter § 8 i vassressurslova.

NVE har mottatt brev frå Tussa Energi AS datert 07.05.2019 med søknad om løyve til opprusting og utviding av Bjørdal kraftverk etter vassressurslova § 8. Søknaden omfattar tilbygg med nytt aggregat, nedsenking av turbinsenter, ny utløpskanal og utskifting av røyrgate. NVE skal på bakgrunn av framlagde opplysningar avgjera om utbygginga medfører skader eller ulemper for allmenne interesser i ei slik grad at tiltaket må ha konsesjon etter vassressurslova § 8.

Eksisterande anlegg og konsesjonsforhold

Bjørdal kraftverk vart først satt i drift i 1931 (1,1 MW), og seinare utvida med eit til aggregat (2,5 MW) i 1935. Aggregatet frå 1935 vart oppgradert på 70-talet (3,3 MW), medan aggregatet frå 1931 framleis var i drift. Samla yting på kraftverket er i dag 4,4 MW med ei maksimal slukeevne på ca. 2,3 m³/s. Brutto fallhøgde er 294,25 m, og midlare årsproduksjon utgjer omtrent 28 GWh. Det har vore gitt fleire konsesjonar, og gjeldande konsesjon vart gitt 11.12.1998:

- Erverv av fallrettighetene mm til Bjørdal og Vartdal kraftverk i Ørsta kommune, Møre og Romsdal fylke (meddelt ved kgl. res. Av 11. desember 1998)

Konsesjonen omfattar regulering av Kvanndalsvatnet, der HRV er 493,5 moh. og LRV er 487,75 moh. (NN1954). Det er etablert overføringskanalar nord og vest for utløpet av Kvanndalsvatnet, og overføringstunnelar frå Norddalen/Langevatnet og Helvetesdalen/Helvetesvatnet. Røyrgate er etablert i to ulike tidsperiodar. Den første strekninga ned frå Kvanndalsvatnet er omtrent 660 m lang, og består av stålrøyr med diameter på Ø900 mm som ligg i dagen. Den nedste delen vart bytt ut i 1996 og består av duktile støpejernsrøyr med diameter på Ø1000 mm, og er nedgrave.



Tiltaket

Tussa Energi AS ønskjer å utvida kraftverket med eit tilbygg på ca. 150 m² på sørsida av eksisterande kraftverk, og erstatta dei to eksisterande aggregata med eit nytt aggregat. Slukeevna vil då auke med om lag 30 %, frå 2,3 m³/s til 3 m³/s. Talet på brukstimar er også forventa å gå ned frå omtrent 7 000 til 4 700 timar. Turbinsenteret skal senkast med ca. 4 m, som fører til ei brutto fallhøgde på 298 m og ein ny avløpskanal på ca. 80 m. Omtrent 620 m av den eldste delen av røyrsgata vert skifta ut, får auka diameter (Ø1300-1400 mm) og vert nedgrave. Installert effekt vil auke frå 4,4 MW til 7,5 MW. Det fører til ein produksjonsauke på ca. 7 GWh/år, frå 27,9 GWh/år til 34,7 GWh/år.

Høyring

Planane vart send på avgrensa høyring til Ørsta kommune, Møre og Romsdal fylkeskommune og Statsforvaltaren i Møre og Romsdal, med høyringsfrist 30.08.2019. NVE har fått følgjande utsegner:

Ørsta kommune behandla saka i formannskapet den 15.10.2019 og gjorde følgjande vedtak:

«Ørsta formannskap ser positivt på planane om opprusting av Bjørdal kraftverk og vurderer fordelane som større enn dei kjende ulempene for ålmenne og private interesser. Det bør likevel gjerast ei vurdering av om lenging av avløpskanalen kan ha indirekte konsekvens for rekruttering av elvemusling i Bjørdalselva. Eit tilbygg til Bjørdal kraftstasjon lyt ta omsyn til registreringa som regionalt kulturminne.»

Frå saksframlegget til kommunen gjev me att vurderinga til rådmannen:

«I tillegg til ein auka kraftproduksjon på ca 7 GWh/år, vil ein kunne grave ned den synlege øvre delen av røyrtraseen. Røyrtraseen er slik den ligg i dag eit hinder for ferdsel både for folk og dyr, og det er lagt ut kryssingsrampar. Arbeidet vil stort sett vere avgrensa til areal som alt er påverka av tidlegare inngrep. Ei nedgraving av røyrsgata vil likevel innebere inngrep og ei viss drenering av myra, noko som også bidreg til utslepp av klimagassar. Anleggsveg og nedgravid røyrsgate vil truleg også medføre at ein lyt ta ned ein noko lengre del av steingarden der røyrsgata i dag kryssar. I tillegg omfattar søknaden ein ny avløpskanal frå kraftstasjonen som flytter inngrepet ca 80 meter lengre nedover og gjev redusert vassføring på denne delen av Kvanndalselva.

I søknaden er konsekvensane av ei utbygging vurdert til ingen/liten negativ konsekvens for alle tema som er vurdert. Av dei ålmenne interessene har Sweco gjennomført el-fiske undersøking og vurdert konsekvensar for fisk. Det er vart funne 2,3 og 5,8 årsyngel aure pr 100 m² og høvesvis 14 og 8 aure/ 100 m² av eldre ungfisk ved prøvestasjonane i Kvanndalselva. Det vert synt til lite eigna gytesubstrat grunna tidlegare kanalisering og at ei utbygging vil gje redusert vassføring på 80 meter ved ei lengig av avløpskanalen. Vassføringa nedstrøms kraftverket vil også variere noko meir grunna auka slukeevne. Det er kjent at det går ål opp i Vatnevatnet og det vart også registrert ved el-fiske ved Vatne kraftstasjon. Bioreg AS har gjennomført ei registrering av biologiske verdiar, utan å finne anna enn triville arter/naturtyper.



Kvanndalselva renn ut i Bjørdalselva som har ein liten sårbar restbestand av elvemusling fordelt på to korte strekningar oppstraums samløpet. Den næraste ca 350 meter ovanfor samløpet. Tetttheita på aure er avgjerande for elvemusling sin reproduksjon. Yngel i Kvanndalselva vil såleis truleg også kunne sleppe seg ned til samløpet og vandre opp Bjørdalselva og bidra til å sikre ein vellykka livssyklus for den sårbare elvemuslingen, men dette temaet er ikkje omtala. Lenginga på 80 meter utgjør rett nok ei lita strekning av elva, men om tetttheita av yngel alt er ein begrensande faktor for reproduksjon hos elvemuslingen, vil også mindre tiltak kunne ha negativ konsekvens. Vi er ikkje kjende med markerte fossar eller stryk som skulle gjere slik oppvandring uråd og ber NVE vurdere dette nærare. Som ein oppfølging av ny handlingsplan for elvemusling vart det i 2010 gjennomført ei undersøking i regi av Fylkesmannen utan funn i Bjørdalselva. Ut frå kartet i rapporten vart det då leita på feil stad.

Kvanndalselva har i dag ikkje krav til minstevassføring, noko som truleg hadde vore eit krav om det vart søkt konsesjon i dag. Det er no likevel lenge sidan elva vart bygd ut og sjølv om auka slukekapasitet vil redusere antal episoder med overløp ytterlegare, ser vi ikkje grunnlag i fagrapportane som er lagt fram til å ta opp dette temaet no.

Tilbygget til kraftstasjonen er ikkje teikna no og vi legg her til grunn at det kan gjerast utan å kome i avgjerande konflikt med verdien som regionalt kulturminne. Då dette er eit kulturminne av regional verdi legg vi her til grunn at detaljplanane også må handsamast/godkjennast av fylkeskommunen. Arealet der tilbygget er planlagt er i dag dyrka jord. Arealet vidare nedover langs elva har ei smal sone med naturleg kantvegetasjon som ein lyt søkje å ivareta så godt som råd.

Det har i andre saker vore reaksjonar på manglande attendeføring av slike mellombelse anleggsvegar. Nokre framstår mest som ordinære grusvegar. Det må her presiserast klarare enn kva som er gjort i tidlegare saker kva som ligg i dette.

Området har eldre registreringar av orrfugl. Det vil difor vere positivt om det vert lagt trekkerør for ei framtidig kabling av 22 kV linje langs rørygata. For pattedyr er rørygata i dag eit fysisk hinder og nedgraving vil vere positivt sjølv om dette også vil kunne gje ei drenerande effekt og dermed oppslag av skog.

Arealet som er planlagt nytta til mellombels riggområde er i stor grad alt påverka av tidlegare inngrep. Vi har ikkje merknade til lokaliseringa som her er foreslått.

Ut frå ei samla vurdering ser vi fordelane med tiltaket overstig dei kjende ulempene for ålmenne og private interesser. Det bør likevel gjerast ei nærare vurdering av om liten tettleik av aureyngel kan vere ein årsak til manglande rekkutering av elvemusling i Bjørdalselva. Eit tilbygg til Bjørdal kraftstasjon lyt ta omsyn registreringa som regionalt kulturminne og detaljplanane må føresettast godkjent også av fylkeskommunen.»

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal (tidlegare Fylkesmannen i Møre og Romsdal) har i brev datert 26.08.2019 gitt følgjande merknader:



«Fylkesmannen er i utgangspunktet positiv til oppgradering av eldre kraftverk, slik at ein får utnytta potensialet som alt ligg i eksisterande utbygging/infrastruktur.

Vi kjenner ikkje til registrerte naturverdiar eller viktige friluftsiinteresser som kan bli rørt av tiltaket.

Bioreg AS har gjennomført ei biologisk mangfald registrering og har heller ikkje funne særskilt verdfull flora/fauna i influensområdet.

Nedbørsfeltet ligg innanfor det nasjonale laksevassdraget Ørstavassdraget, men anadrom strekning stansar 3 km nedstraums kraftverket. Tiltaket vil derfor ikkje ha konsekvensar for laks og sjøaure. Kvanndalselva har stadeigen aure. Med noko meir variasjon i vassføringa og litt lenger strekning med kun vassføring frå restfeltet kan denne bli påverka. Vi registrerer likevel at Sweco si utgreiing om konsekvensar for fisk konkluderer med at tiltaket vil ha liten negativ påverknad på auren. Som kompensierende tiltak er det foreslått å legge ut gytegrus på eigna stader på den anadrome strekninga ovanfor Vatnevatnet. Vi er positive til dette, men rår til at ein tar kontakt med Fylkesmannen før dette blir gjort.

Søknaden inneber ingen endringar i reguleringsmagasinet (Kvanndalsvatnet), men køyringsmønsteret kan bli noko endra, særleg ved at flaumtapa vil kunne bli redusert. Vi har ikkje vesentlege merknader til dette. Vi er elles positive til at ny røyrgate blir greve ned og terrenget arrondert.»

Møre og Romsdal fylkeskommune har i brev datert 28.08.2019 gitt følgjande innspel knytt til kulturminne frå nyare tid:

«Bjørdal kraftverk er gitt ein regional verdi i den regionale delplan for kulturminne av regional og nasjonal verdi – som eit minne frå tidleg lokal kraftutbygging. Planen for opprusting av kraftverket omfattar eit tilbygg til den gamle kraftstasjonen for å kunne setje inn eit nytt aggregat. Det er viktig, som nemnd i planen, at det nye tilbygget arkitektonisk spelar på lag med den gamle kraftstasjonen. Ta gjerne kontakt med kulturavdelinga i fylkeskommunen ved spørsmål her.

Elles har vi ingen ytterlegare merknader til søknaden.»

NVE si vurdering

Ingen må setje i verk vassdragstiltak som kan være til nemneverdig skade eller ulempe for nokon allmenne interesser i vassdraget utan å ha konsesjon. Dette følger av vassressurslova § 8. Når NVE skal vurdere om eit tiltak er konsesjonspliktig er det nye negative verknader ut over den eksisterande situasjonen som skal vurderast, og det er berre skade eller ulempe, altså negative verknader, som er relevant. Hovudsakeleg er det verknader i sjølve vassstrengen som skal takast i betraktning.

Kunnskapsgrunnlag

NVE har mottatt søknad om opprusting og utviding frå Tussa Energi AS, der selskapet har gjort greie for kva som skal endrast og kva konsekvensar dette har for allmenne interesser. Vedlagt søknaden er det også ei kartlegging av naturmangfaldet i tiltaksområdet av Bioreg



AS, utført 15.01.2017. NVE har også gjort egne søk i Artskart og Naturbase 09.09.2022. I høyringsinnspillet sitt etterspurde Ørsta kommune ei vurdering av om ei forlenging av utløpskanalen med 80 m kan indirekte påvirke rekruttering av elvemusling i Bjørdalselva. Ingen andre høyringspartar har kommentert på manglar ved kunnskapsgrunnlaget. Saman med mottekne høyringsfråsegner, kjend kunnskap og vår eiga erfaring meiner me kunnskapsgrunnlaget om verknadene av tiltaket er tilfredsstillande, teke i betraktning omfanget og risikoen av tiltaket for skade, jf. naturmangfaldlova § 8. NVE meiner difor at føre-var-prinsippet i naturmangfaldlovas § 9 ikkje er relevant i denne saka.

Moglege skadar og ulemper for allmenne interesser

Kvanndalselva har sidan etableringa av det opphævelege kraftverket og magasinet hatt sterkt redusert vassføring. Kraftverket har i dag ei brukstid på over 7 000 timar, som betyr at kraftverket går i meir enn 80 % av tida i løpet av eit år. Noverande minste slukeevne er på 50 l/s. Minste driftsvassføring vil no auke frå 50 l/s til 100 l/s, medan brukstida blir senka til 4 666 timar. Det er sjeldan overløp over dammen, da praksis ved flaum har vore å stengje overføringa frå Geitvikvassdraget som ble etablert i 1998. Denne overføringa aukar nedbørfeltet til kraftverket med om lag 7 km², som tilsvara ca. 1/3 av nedbørfeltet. Det planlagde tiltaket vil føre til at påvirke elvestrekning aukar med 75 m. Den auka slukeevna er betre tilpassa dagens totale nedbørfelt, og gjer at kraftverket får nytta overføringa frå Geitvikvassdraget betre.

Tussa Energi har berekna at tiltaket vil kunne redusere flaumtap med om lag 4 mill. m³/år, som tilsvara om lag 7 % av totaltilsiget. Ved å auke fleksibiliteten vil tiltaket kunne ha ein positiv effekt for eventuelle flaumar i Kvanndalselva.

Biologisk mangfald

Dei øvste 620 m med røyrgate frå ventilhuset fram til røyrkata frå 1996 skal erstattast. Røyrkata skal følgja eksisterande trasé. Mesteparten av tiltaksområdet er på ein eller annan måte påvirka av tidlegare inngrep. Området i nærleiken av dammen og i byrjinga av røyrkata er for det meste omsnudde/planerte massar og er klassifisert som «laus sterkt endra fastmark» (T35) i NiN. Nedover langs traséen er det einsarta fattig myr. I saksframlegget til Ørsta kommune kommenterer dei at nedgravinga vil gi ein viss drenerande effekt på myra. Ifølgje NIBIO er næringsfattig myr dominert av torvmosar, som bidreg til å forseinka transport av metan opp mot overflata. Dette fører til større forbruk av metan i jorda og mindre utslepp til atmosfæren. Drenering av myr fører til auka oksygentilgang i jord med etterfølgjande auke i mikrobiologisk aktivitet. Prosessane som vert aktiverte ved drenering av myr fører til auka klimagassutslepp ut i atmosfæren. Sjølv om tiltaksområdet er avskore av to grøfter er det noko vassig som gjer at myra verkar ganske fuktig nokon stader. Etter vår vurdering er arealet som vert drenert på grunn av nedgraving av røyrgate avgrensa, og me har difor ikkje lagt stor vekt på dette aspektet i konsesjonspliktutvurderinga. Det er ikkje gjort funn av raudlista artar som vil bli påvirka av tiltaket.

Ørsta kommune har bede om ei vurdering av om ei forlenging av avløpskanalen med 80 m kan indirekte påvirke rekruttering av elvemusling i Bjørdalselva. Det vart gjort belagt funn av elvemusling i 2010, og arten vart sist observert i 2013. Kraftstasjonen og det omsøkte



nye avløpet ligg 350 m oppstraums samløpet. Ettersom tettleik på aure påverkar evna elvemuslingen har til reproduksjon, kan elvestrekningar med aure vera viktige for å halda oppe elvemuslingsbestanden i ei sideelv. Tiltaket vil føra til at vassføringa nedstraums kraftverket vil variera litt meir på grunn av auka slukeevne, i tillegg til at strekninga med restvassføring vert auka med 75-80 m. Ifølgje den vedlagde fiskerapporten frå søknaden, som er utført av Sweco, er strekninga nedstraums dagens avløp vurdert til å ha liten verdi for fisk. I Swecos undersøking fann dei svært låg tettleik av årsyngel aure og låg tettleik av eldre ungfisk aure på begge målestasjonane nedstraums kraftverket. Denne strekninga har også svært lite egna gytesubstrat. Ifølgje Sweco kan dette komma av at strekninga er kanalisert, noko som kan føra til at substrat vert skylt vekk ved flaumar. Rapporten konkluderer med at tiltaket vil ha liten negativ konsekvens for fisk lokalt i Kvanndalselva. Etter NVE sitt syn er elva allereie sterkt påverka av kraftverksdrifta. NVE er samde i konklusjonen til Sweco om at tiltaket vil ha liten negativ effekt på fisk. Her legg me særleg vekt på at det verken er tilgang til gode gyteområde på elvestrekninga eller vart funnen mykje fisk under ungfiskundersøkelsen. Me legg vidare vekt på at periodane med låg vassføring vil vera tilnærma som i dag, som beskrive av Sweco. Me antek derfor at tørrlegging av elveløpet ikkje vil skje hyppigare som følgje av tiltaket. NVE vurderer at tiltaket ikkje vil føra til ytterlegare nemneverdig påverknad på verken fisk eller elvemusling i Bjørdalselva.

Kulturminne

Eksisterande Bjørdal kraftstasjon er registrert som «regionalt verneverdig» i kulturminnedatabasen Askeladden, med Kulturminne-ID 227431. I høyringsrunden la både Ørsta kommune og Møre og Romsdal fylkeskommune vekt på at eit eventuelt tilbygg til Bjørdal kraftstasjon må ta omsyn til statusen til den eksisterande kraftstasjonen som regionalt kulturminne. Fylkeskommunen oppmodar Tussa Energi til å kontakta kulturavdelinga i fylkeskommunen ved spørsmål. Tussa Energi har i søknad og i tilsvar til høyringsinnspela skrive at tilbygget vil bli arkitektheikna, og det skal leggjast vekt på at tilbygget arkitektonisk spelar på lag med den gamle kraftstasjonen.

I biologisk mangfald-rapporten vedlagt søknaden har Bioereg påpeika at det ligg ein steingard i området der røyrgata skal gravast ned. Røyrgata kjem til å kryssa steingarden. Tussa Energi skriv i søknaden at så lite som mogleg av steingarden skal demonterast under anleggsarbeidet, og steingarden skal settast i stand i minst like god tilstand som han var i før arbeidet byrja.

Det ligg nokre Sefrak-registrerte bygningar (sel/kvernhus) i nærleiken av eksisterande kraftstasjon og ved rigg- og driftsområdet ved demninga, men det planlagde tiltaket vil ikkje påverka desse bygningane.

NVE meiner at tiltaket ikkje vil ha negative konsekvensar for kulturminne dersom Tussa Energi både tek omsyn til eksisterande kraftverk ved utbygging av nytt tilbygg og steingarden ved nedgraving av røyrgata, slik dei har beskrive i søknaden. NVE syner elles til kulturminnelova §§ 8 og 9 om krav til aktsemd og plikt til å gjera undersøkingar i samband med utføring av tiltak.



Naturmangfaldlova

Vi meiner at våre vurderingar er i tråd med prinsippa i naturmangfaldlova, jf. §§ 8 - 12. Tiltaket er etter vårt syn ikkje i strid med forvaltningsmålet for artar eller økosystem, jf. §§ 4 og 5.

Vassforskrifta

Det planlagde tiltaket har følgjer for vassførekomstane Kvanndalselva (095-21-R) og Bjørndalselva oppstraums inntak Vatne kraftverk (095-100-R). Det kan også påverka vassførekomsten Kvanndalsvatnet (095-1946-L). Vassførekomstane er definerte som sterkt modifiserte. Økologisk potensial er i vann-nett oppgitt til å vera godt for dei to elvane, og moderat for magasinet. Etter vår vurdering vil ikkje det planlagde tiltaket medføra endring av økologisk potensial i vassførekomstane. Det er dermed ikkje relevant med ei vurdering etter vassforskrifta § 12.

Forholdet til vilkårsrevisjon

Ørstavassdraget er inkludert i NVE rapport 49/2013 «Vannkraftkonsesjoner som kan revideres innen 2022», som er ein nasjonal gjennomgang av reguleringskonsesjonar med revisjonstilgang og som gir forslag til prioritering. Ørstavassdraget er i kategori 2.2 – ikkje prioritet. Det er ikkje vorte fremja revisjonskrav. Revisjonstilgangen opnar likevel for at NVE kan velja å revidera konsesjonsvilkåra i konsesjonen som omfattar mellom anna Bjørndal kraftverk eit seinare tidspunkt.

Konklusjon

Samla vurderer me at det planlagde tiltaket ikkje vil føra til nye ulemper eller skader for allmenne interesser av eit slikt omfang at det utløyser behov for konsesjon etter vassressurslova.

Tilbygg med nytt aggregat, nedsenking av turbinsenter, ny utløpskanal og utskifting av røyrgate er ikkje konsesjonspliktig etter vassressurslova § 8.

Vedtaket er gjort med heimel i vassressurslova § 18 og delegering til NVE frå Olje- og energidepartementet av 19. desember 2000.

NVE si konklusjon føreset at tiltaket vert gjennomført i samsvar med framlagde opplysningar i brev datert 07.05.2019. Dersom planane vert endra, må NVE vurderer konsesjonsplikt på nytt.

Dette vedtaket har ei gyldigheit på fem år. Dersom byggjearbeida ikkje har starta før det har gått 5 år må saka leggjast fram for NVE for ny vurdering.

Sjølv om tiltaket ikkje er konsesjonspliktig, gjeld dei alminnelege reglane om vassdrag i vassressurslova. NVE viser spesielt til aktsemdsplikta i vassressurslova § 5 som pålegg at vassdragstiltak skal planleggjast og gjennomførast slik at dei er til minst mogleg skade og ulempe for allmenne og private interesser.



Videre oppfølging

Dette vedtaket gir ikkje løyve til bygging.

I medhald av vilkåra post 5 i gjeldande konsesjon av 11.12.1998, kan NVE følgja opp planlegging, bygging og drift av anlegget. Detaljplan for tiltaket vil bli sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn før han skal godkjennast av NVE. Dersom nye område skal takast i bruk må tiltakshavar vera førebudd på å gi ei konsekvensvurdering av dette, slik at detaljplanane inneheld dei naudsynte opplysningane.

Tiltakshavar skal kontakta NVE sitt miljøtilsyn på regionkontoret i Førde for å avklara forhold rundt godkjenning av detaljplanane.

Idriftsetjing av kraftverk skal meldast inn på skjema som finst på <https://www.altinn.no/skjemaoversikt/norges-vassdrags--og-energidirektorat-nve/Melding-om-idriftsettelse-nye-vannkraftverk-eller-opprustings--og-utvidelsestiltak-i-eksisterende-kraftverk/>. Dette gjeld og opprusting og utviding av eksisterande anlegg.

Tiltakshavar må sjølv avklara forholda til dei private interessene som eventuelt vert ramma av tiltaket. NVE vurderer ikkje dei privatrettslege forholda.

Forholdet til annet lovverk

NVE føreset at krav som følgjer av forureiningslova vert etterlevd ved dei nye tiltaka. Eventuelle uavklarte forhold vert tekne opp direkte med Statsforvaltaren i Møre og Romsdal.

Dersom nye areal vert tekne i bruk må forholdet til kulturminnelova avklarast med Møre og Romsdal fylkeskommune.

Energilova § 3-1 første ledd seier at «Anlegg for produksjon, omforming, overføring og fordeling av elektrisk energi kan ikke bygge, eies eller drives uten konsesjon. Det samme gjelder ombygging eller utvidelse av bestående anlegg». Av denne føresegna følgjer at oppgradering av generator og transformator er konsesjonspliktig etter energilova. Søknad om anleggskonsesjon vert send til NVE.

Andre merknader

NVE har ikkje vurdert om det er ledig nettkapasitet på alle spenningsnivå. Det er tiltakshavars eige ansvar å sørgja for naudsynte avklaringar. Me tilrår at det vert teke kontakt med lokal områdekonsesjonær for slik avklaring.

Har kraftverket ei merkeyting over eller lik 100 kVA, gjer me merksam på krav om forbruksavgift på elektrisk kraft, sjå rundskriv om dette på www.toll.no. Rundskrivet kan også fåast på næraste tollstad.

Om klage og klagerett

Sjå eige vedlegg om klagetilgang.



Med helsing

Inga Nordberg
direktør

Carsten Stig Jensen
seksjonssjef

Dokumentet sendes uten underskrift. Det er godkjent i henhold til interne rutiner

Mottakarliste:

TUSSA ENERGI AS

Kopimottakarliste:

STATSFORVALTAREN I MØRE OG ROMSDAL

Møre og Romsdal fylkeskommune

ØRSTA KOMMUNE



Orientering om rett til å klage

Frist for å klage	Fristen for å klage på vedtaket er 3 veker frå den dagen vedtaket kom fram til deg. Dersom vedtaket ikkje har kome fram til deg, startar fristen å gå frå den dagen du fekk eller burde ha fått kjennskap til vedtaket. Det er tilstrekkeleg at du postlegg klagen før fristen går ut. Klagen kan ikkje handsamast dersom det har gått meir enn 1 år sidan NVE fatta vedtaket.
Du kan få grunngjeving for vedtaket	Dersom du har fått eit vedtak utan grunngjeving, kan du be NVE om å få ei grunngjeving. Du må be om grunngjevinga før klagefristen går ut.
Kva skal med i klagen?	Klagen bør vere skriftleg. I klagen må du: • Skrive kva for vedtak du klagar på. • Skrive kva for eit resultat du ønsker. • Opplyse om du klagar innanfor fristen. • Underteikne klagen. Dersom du brukar ein fullmektig, kan fullmektigen underteikne klagen. I tillegg bør du grunngje klagen. Dette betyr at du bør forklare kvifor du meiner vedtaket er feil.
Du kan få sjå dokumenta i saka	Du har rett til å sjå dokumenta i saka, med mindre dokumenta er unnateke offentlegheit. Du kan ta kontakt med NVE for å få innsyn i saka.
Vilkår for å gå til domstolane	Dersom du meiner vedtaket er ugyldig, kan du gå til søksmål. Du kan berre gå til søksmål dersom du har klagt på vedtaket til NVE, og klagen er avgjort av OED som overordna forvaltingsmyndigheit. Du kan likevel gå til søksmål dersom det har gått 6 månader sidan du sende klagen, og det ikkje skuldast forsøming frå di side at klagen ikkje er avgjort.
Sakskostnader	Dersom NVE eller OED endrar vedtaket til din fordel, kan du søke om å få dekkja vesentlege og nødvendige kostnader. Du må søke om dette innan 3 veker etter at klagevedtaket kom fram til deg.
Kven kan klage på vedtaket?	Dersom du er part i saka, kan du klage på vedtaket. Du kan også klage på vedtaket dersom du har rettsleg klageinteresse i saka.
Kvar skal du sende klagen?	Du må adressere klagen til Olje- og energidepartementet (OED), men sende han til NVE. E-postadressa til NVE er: nve@nve.no. NVE vurderer om vedtaket skal endrast. Dersom NVE ikkje endrar vedtaket vil vi sende klagen til OED.

Denne forklaringa bygger på forvaltningslova sine reglar i §§ 11, 18, 19, 24, 27 b, 28, 29, 31, 32 og 36.